



## Referat frå medlemsmøte

Stad: Frøyland/Orstad kyrkje  
Tid: Onsdag 19.september kl. 11.00 – 13.15  
Til stades: 130 personar. (Ytterlegare 4 hadde betalt, men vart ikkje registrerte.)

1. Leiar, Martha Jakobsen Ulvund opna møtet.
2. Lars Helle, sjefsredaktør i Stavanger Aftenblad, heldt føredrag med tittelen «Ansvarlege redaktørar eller frie netttroll?» Om mediebietet i framtida; papiravis, nettavis, sosiale media, redaktørstyrte eller ei?

Helle påviste at digitalisering har gitt ei rekke bransjar, t.d. bank, olje, forsikring, handel og media, store endrings- og omstillingsutfordringar.

Tidlegare var annonser hovudinntektskjelda til Aftenbladet. No utgjør abonnementa meir enn 50 % av dei samla inntektene. Dette krev ein ny forretningsmodell: «Det er no abonnentane som eig oss», sa Lars Helle og la til at dagens abonnentar forventar ein heilt annan kommunikasjon med avisa enn tidlegare: Journalistane må ikkje berre kunne levere interessant innhald, dei må og forstå den digitale verda og vere i kontinuerleg dialog med lesarane. Kvar lesar har både rett- og høve til å ytre seg. Mange gjer det, og netttrolla er, i følgje Helle, i mindretal. Han ser ein fare i om netttrolla får dominere, for dei har ingen plattform, og er heller ikkje underlagt ansvarskrav, men «vi kan ikkje bestemme kva folk skal skrive, og vi kan ikkje bestemme kva folk skal lese», sa Helle.

Redaktørstyrte media som Aftenbladet er, og må vere, truverdige både for lesarar og annonsørar: Lesaren skal kunne stole på avisa si faktaformidling, og annonsørane må vere sikre på at deira annonser ikkje kjem på avvege.

Aftenbladet veks, og har no om lag 60 000 abonnentar. Dei gir ut både papir- og digitale aviser. Dei *kan* papiravis, seier Helle, og er stadig på forsøksstadiet når det gjeld digital satsing.

3. Allsong: «Din tanke er fri» til tonefølgje av Eyvind Andersen som er ny akkompagnatør.
4. Matøkt: Spagetti, kaffi og kringle.
5. Kulturinnslag: Ole Dele Olawole underheldt med forteljng, song og rytmer spelt på nigerianske konga- og djembetrommer. Avslutningsvis brukte han ei «norsk sykkeltromme».
6. Allsong: «Å leva det er å elska» og «Jeg er havren».
7. Avslutning: Leiar minte om komande arrangement, og bad e-postbrukarar om å sjekke «søppelbøtta» da det viser seg at LOP-post kan hamne der. Ho ønskte vel heim.